



JERNBANEVERKET INFORMERER:

Åndalsnes stasjon

Juni 2011



Foto: Leif J. Olestad

Fornya stasjon på Åndalsnes

Jernbaneverket har fornya stasjonsparken på Åndalsnes. Oppgraderinga av parken er eitt av fleire tiltak som er gjennomførte for å utvikle Raumabanen vidare som turistbane.



Prosjektleiar

Ivar Olsen
Tlf: 977 67 866
Epost: Ivar.Olsen@jbv.no



Nabokontakt

Hedda Nossen
Tlf: 474 83 590
Epost: Hedda.Nossen@jbv.no





Foto: Christian Wesenberg/Jernbaneverket.

Oppgradering av park og plattformer

Jernbaneverket har i løpet av dei siste åra modernisert Åndalsnes stasjon. No er arbeida med stasjons-parken og plattformene ferdige.

Bakgrunn for prosjektet. Raumabananen er 114 km lang og går frå Dombås til Åndalsnes. Heilt sidan banen vart opna i 1924, har han vore attraktiv for turistar. Sidan 2008 har NSB tilpassa tilbodet for turistar i sommarmånadene. Dei tilbyr guiding på tre språk og stopp for foto-grafering ved Kylling bru og Trollveggen. På dei mest spektakulære stadene køyrer toget ekstra sakte.

Jernbaneverket og NSB sitt eigedoms-selskap, Rom Eiendom, har gjort fleire tiltak for å oppgradere Raumabananen og leggje til rette for auka turisttrafikk på strekninga.

I 2009 blei stasjonsbygningen på Åndalsnes fornya. Stasjonsbygningen, som er frå 1924, hadde ein tilhøyrande park. Jernbaneverket har no oppgradert parkanlegget med nokre av dei same elementa som den opphavlege parken

hadde, som rekkja av kastanjetre og dei rektangulære grasplenane.

Ny stasjonspark. Jernbaneverket, ved anleggsgartner Jan Erik Sandal AS, har laga parkareal vest og aust for stasjonsbygningen. Det er skipa fleire grøntareal med grasplen og tre.

Eksisterande kastanjetre står att, og det er i tillegg planta til saman åtte nye kastanjetre. Det er lagt ny kantstein og skiferheller rundt parkområda og langs plattformene.

Området er vidare oppgradert med nye benker, belysning, miljøstasjonar og sykkelparkering.

Andre arbeid ved stasjonen. For å auke kapasiteten slik at stasjonen kan betene to tog samtidig bygde Jernbaneverket i 2009 ny plattform på Åndalsnes stasjon.

I 2011 har vi også oppgradert den eksisterande plattformen til spor ein.

For at dei reisande skal få god informasjon er det montert nytt høgtalaranlegg og nye monitorar som viser togavgangane.

Alle stasjonstiltaka på Raumabananen har til saman kosta om lag nitten millionar kroner. Mesteparten av midlane er investert på Åndalsnes stasjon. Dette inkluderer også tidlegare utførte arbeid for å flytte reingjering og drifting av tog vekk frå publikumsområdet og opprydding i sporarrangementet på stasjonen.

Takkar for samarbeidet. Jernbaneverket ynskjer å nytte høvet til å takke entreprenørar, Rauma kommune og NSB for eit godt samarbeid.